



Gøril Undertun
Hopsdalsvegen 111a
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/7682 - 22/81170

Saksbehandlar:
Roba Alserhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
25.10.2022

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 193/1 Mundal øvre

Administrativt vedtak: Saknr: 1185/22

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 01.11.2027 for Gbnr 193/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket **Gøril Undertun** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 193/1.

Drifta er 19 geiter og rasen er kystgeit. Driftsforma er utegangardrift. Det er lite oppsamling av husdyrgjødsel på grunn av utegangardrift. Husdyrgjødsla som vert samla opp, vert spreidd på fulldyrka mark i april.

Føretaket eig 14,1 daa overflatedyrka mark, 36,9 daa innmarksbeite og 7,3 fulldyrka mark. Søkjer leiger bort 14,1 daa overflatedyrka mark, 19 daa innmarksbeite og 7,3 fulldyrka mark. Føretaket brukar ikkje kunstgjødsel.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstentivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) og har stort areal i høve til dyretalet. Det vert ikkje nytta gjødsel på bruket.

Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/7682 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Alserhan
Rådgevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gøril Undertun

Hopsdalsvegen 111a

5915

HJELMÅS